

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

| Utval | Møtedato | Saknr |
|------------------|------------|--------|
| Kvam formannskap | 14.03.2018 | 017/18 |
| Kvam heradsstyre | 19.03.2018 | 021/18 |
| Kvam formannskap | 25.04.2018 | 028/18 |
| Kvam heradsstyre | 08.05.2018 | 028/18 |

| | | |
|---------------------------------|-----------------------|-------------------|
| Avgjerd av: | Arkiv: N - 671 | Arkivsaknr |
| Saksh.: Hesthamar, Anita | Objekt: | 17/1169 - 2 |

Eigarstrategiar 2018-2019

Behandling i politiske utval:

14.03.2018, FSK- 017/18 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møtebolc

Saksordførar: Heidi Sandven Botnen, KrF

19.03.2018, HST- 021/18 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møtebolc

25.04.2018, FSK- 028/18 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiane for 2018-2019.

Det vert sett ned ei gruppe på inntil 3 personar: Ordførar, varaordførar og Gunnar Skeie som skal samarbeide med administrasjonen i denne saka.

08.05.2018, HST- 028/18 Vedtak:

1. *Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiane for 2018-2019.*
2. *Det vert sett ned ei gruppe på inntil 3 personar som skal arbeid i lag med administrasjonen om ei revidering av eigastrategiane.*

Følgjande vert valt:

1. *Ordførar Jostein Ljones*
 2. *Varaordførar Heidi Sandven Botnen*
 3. *Gunnar Skeie, Ap*
3. *Arbeidsgruppa skal komme med ei løypemelding om arbeidet til HST innan utgangen av året.*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiane for 2018-2019.

Samandrag:

Eigarstrategiane til Kvam herad skal danna plattform for ein god styringsdialog og fastsetja mål og ein klar retning på kva eigarane vil med selskapet. Eigarstrategien kan regulera forhold som kommunikasjon med selskapet, informasjonsbehov, forventa avkastning, utbyteforventningar, strategisk retning og kjerneverksemd, mål, tvisteløysningar mellom eigarane m.m. Eigarstrategiane er individuelle og vert tilpassa kvart einskild selskap. Alle eigarstrategiar skal vera forankra i heradsstyret.

Eigarstrategien til det enkelte selskap, skal deretter oversendast til organisasjonen for å:

- Gjera kjent forventningane Kvam herad har til selskapet
- Få tilbakemelding på dei forventningane som er formidla
- Få korrigert evt. feil i nøkkelopplysningar, eigarforhold eller vedtekter

For kvart av selskapa er følgjande opplysningar med:

- Nøkkelopplysningar frå einingsregisteret
- Eigarforhold
- Nøkkeltal
- Eigarstrategi

- Eigarforvaltning
- Vedtekter

Vedlegg i saka:

| Dok.id | Tittel |
|---------------|---------------------------------------|
| 583632 | Eigarstrategiar 2018-2019 |
| 583633 | Eigarstrategiar 2018-2019 - vedtekter |

14.03.2018 Kvam formannskap

Framlegg frå Heidi Sandven Botnen, Krf: Saka vert utsett til neste møtebolk

Røysting:

Heidi Sandven Botnen, Krf sitt framlegg vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK- 017/18 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møtebolk

Saksordførar: Heidi Sandven Botnen, Krf

19.03.2018 Kvam heradsstyre

Røysting:

Tilrådinga frå FSK vart samrøystes vedteke med 27 røyster

HST- 021/18 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møtebolk

25.04.2018 Kvam formannskap

Fellesframlegg:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg:

Det vert sett ned ei gruppe på inntil 3 personar: Ordførar, varaordførar og Gunnar Skeie som

skal samarbeide med administrasjonen i denne saka.

Fellesframlegg vart samrøystes tilrådd.

Saksordfører Heidi Sandven Botnen

FSK- 028/18 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiane for 2018-2019.

Det vert sett ned ei gruppe på inntil 3 personar: Ordfører, varaordfører og Gunnar Skeie som skal samarbeide med administrasjonen i denne saka.

08.05.2018 Kvam heradsstyre

1. Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiane for 2018-2019.
2. Det vert sett ned ei gruppe på inntil 3 personar som skal arbeid i lag med administrasjonen om ei revidering av eigastrategiane.
Følgjande vert valt:
 1. Ordfører Jostein Ljones
 2. Varaordfører Heidi Sandven Botnen
 3. Gunnar Skeie, Ap
3. Arbeidsgruppa skal komme med ei løypemelding om arbeidet til HST innan utgangen av året.

Røysting:

Tilrådinga frå ordfører Jostein Ljones vart samrøystes vedteke med 27 røyster.

HST- 028/18 Vedtak:

1. Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiane for 2018-2019.

2. Det vert sett ned ei gruppe på inntil 3 personar som skal arbeid i lag med administrasjonen om ei revidering av eigastrategiane.

Følgjande vert valt:

1. Ordførar Jostein Ljones
 2. Varaordførar Heidi Sandven Botnen
 3. Gunnar Skeie, Ap
3. Arbeidsgruppa skal komme med ei løypemelding om arbeidet til HST innan utgangen av året.

Saksopplysningar:

Eigarstrategiar 2018-2019 inneheld ei lang rekkje ulike organisasjonar som kommunen har eigar- eller medlemsandel i. Likevel er det truleg fleire organisasjonar som kunne vore med på lista, og dette vil verta vurdert ved årleg gjennomgang av strategiane. Målet med å utforma eigarstrategiane på denne måten, er å laga eit arbeidsverktøy med ein database for kommunen sine interesser, og å gjera administrasjon og politikarar medvitne på kommunen sine eigarinteresser og organisasjonen på kommunen sine forventningar. Samstundes er strategiane utforma på ein måte som er meint å gjera administrasjonen av strategiane relativt enkel for både kommunen og for organisasjonane. Grad av innfriing og oppfølging vil nok likevel variera etter type organisasjon og Kvam herad sin andel av eigarinteresser.

Kvam herad har full innsynsrett i selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar/fylkeskommunar). Desse selskapa kan kommunen gjennomføra selskapskontroll av.

I selskap der det er innslag av private eignedelar el.l., har kommunen innsynsrett på lik linje med andre aksjonærar. Kommunen kan og gjennomføra avgrensa selskapskontroll med omsyn til kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantane skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapportering frå selskapet samsvarar med retningslinjer osv.

Stiftingar, kommunale føretak og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om selskapskontroll. Stiftingar er sjølv eigande institusjonar utan medlemmer, der styret er stiftinga sitt øvste organ. Ei stifting er ein formuesverdi som ved testament, gåva eller annan rettsleg disposisjon vert stilt sjølvstendig til rådvelde for eit bestemt føremål. Føremålet kan vera av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig eller økonomisk art. Fleire av selskapa Kvam herad står oppført med ein part i, er stiftingar, sjølv om ei stifting

ikkje har eigarar. Rekneskapsstandarden for kommunerekneskapen opnar likevel for føring av stiftingskapital som finansielt anleggsmiddel, der kommunen har særskild interessa av å engasjera seg, t.d. gjennom å påverka avgjersler gjennom stemmeretten. Dette er som oftast med grunnlag i næringspolitiske og samfunnsmessige forhold, og omfattar typisk næringssselskap, energiselskap, turistverksemd, lokale media og attføringsverksemder. Investeringane har normalt eit langsiktig perspektiv.

Kvam herad har opp gjennom åra ikkje vore konsekvent på å lista opp all stiftingskapital som finansiell eigedel, og Kvam bustadstifting står ikkje oppført. Kvam herad har betalt inn stiftingskapital og bl.a. vel styret til stiftinga. Det er difor utarbeidd eigarstrategi for dette selskapet og.

Vurdering:

Rådmannen har utforma eigarstrategi og oppfølging av denne på ein heilt annan måte enn tidlegare. Rådmannen har ikkje funne tilsvarande metodar for utforming og oppfølging av strategiar hjå andre, men har laga eit eige oppsett med bakgrunn i eigarmeldinga til kommunen, og at strategiane skal vera relativt enkle å følgja opp. Årsaka til at det er gjort slik, er at rådmannen opplever krav og forventning til eigarstyring er svært omfattande. Sjølv om eigardelen til kommunen i nokre organisasjonar er svært liten, kan kommunen koma til å verta stilt til i dårleg lys dersom organisasjonen t.d. bryt arbeids-, korrupsjons- eller miljølov, og kommunen ikkje har sikra seg at dette er vareteke. Kvam herad bør òg ha eit medvite forhold til kva organisasjonar kommunen skal engasjera seg i, og jamnleg vurderer om kommunen er tent med å ha eigarinteresser i organisasjonen.

Nøkkelopplysningar frå einingsregisteret er teke med i dokumentet fordi det ofte viser seg at opplysningane ikkje er oppdatert, og kommunen då sikrar seg at dette vert påpeika og retta. Administrasjonen starta uthenting av opplysningar sommaren 2017, så det er mogleg at nokre av opplysningane allereie er utdaterte. Eit anna føremål med å lista opp nøkkelopplysningane, er at det gjev ein grei innsikt i organisasjonen, med bl.a. det offisielle føremålet.

Eigarforhold er ikkje alltid kjent, og har vore vanskelegare å finna enn nøkkelopplysningane, men er viktig informasjon i høve kva forventningar kommunen kan ha til gjennomslag for strategi, og kven dei andre medeigarane er.

Nøkkeltal kan hentast frå fleire kjelde, men rådmannen har valgt www.purehelp.no, og teke med tal i 1.000 for å gje eit innblikk i storleiken til verksemda.

Eigarstrategien er utforma i tråd med eigarmeldinga, som bl.a. omhandlar Kvam herad sine forventningar til styreopplæring, habilitet, styrehonorar og samfunnsansvar. Tema og forventningane frå kommunen si sida vil vera lik for alle organisasjonane, men punktet «andre resultatmål» er viktig. Det er her rådmannen meiner at Kvam herad skal utforma det som kommunen meiner er viktige mål for den enkelte organisasjonen og rådmannen oppmodar politikarane til å koma med innspel og endringsframlegg her. I framlegget er det laga nokre generelle mål som går igjen, som

- godt omdøme
- miljøfremjande tenester
- nøgde kundar
- drift i balanse
- tilstrekkeleg likviditet

- vareta eigenkapital

Deretter er det henta nokre mål frå tidlegare strategiar og noko er utforma ut frå føremålet til selskapet.

Rådmannen oppmodar òg politikarane om å koma med innspel og ev. endringsframlegg til Kvam herad si grunngeving for eigarskap. Her er det ein del tomt i dokumentet, då nokre av eigarskapa vart oppretta for lengje sidan, og det føreligg ikkje dokumentasjon på dette, og grunnane kan endra seg over tid.

Når det gjeld **eigarforvaltning**, har rådmannen ynskt å få betre fram kven som representerer kommunen, og korleis denne vert valt. Dette er opplysningar som ofte står i eigne valsaker, men som nokre gonger er vanskeleg å finna tilbake til. Det har blant anna utforminga av strategien òg har vist, då det her manglar ein del opplysningar. Rådmannen har likevel lagt fram dokumentet med blanke felt her, og har som mål at felta vert fyllt ut ved seinare høve, etter kvart som me får større merksemd på dei ulike organisasjonane.

Administrasjonen har òg gjort eit større arbeid med å samla inn **vedtektene** til organisasjonane. Dette fordi dei har vore spreidd på svært mange saker over mange år. Det er viktig å vita kva som ligg i vedtektene når kommunen skal laga sin strategi, slik at denne ikkje kjem i konflikt med kva som ligg i dei, eller om kommunen ynskjer å fremja vedtektsendring.

Rådmannen har òg ynskt å gjera det enkelt for organisasjonen å melda tilbake på dei enkelte strategiane. I nokre av organisasjonane er Kvam herad t.d. ein av svært mange kommunar. Me må vurdera samarbeid med andre eigarar for at ikkje organisasjonen skal måtte svara ut opptil 400 ulike strategiar. Rådmannen legg likevel opp til ein lik mal for alle organisasjonar no, og vil vurdera erfaringane med malen til eigarstrategiane for 2019-2020.